

Tradisjonsrik konfirmantfest fredag

24.04.2007



Dei fire konfirmantane gjorde seg sterkt bemerka under fasteinnsamlinga til Kirkens Nødhjelp for stutt tid sidan. Dei samla inn 5.261 kroner på to timer. Her er dei klare for innsamlinga saman med Anne Christine Christiansen. Frå venstre står Ida Røssland, Knut Gilberto Sæbø, Ann Mari Kristoffersen og Hanna Kjærland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fredag kveld blir det avvikla ein tradisjonsrik konfirmantfest på Bedehuset i Uskedalen. Indremisjonen skipar kvart år til dette arrangementet.

Tormod Myklebust veit ikkje på ståande fot kor langt attende tradisjonen går, men det er mange tiår! Sjølve konfirmasjonen er neste sundag.

- På festen vil vi no som før gjera stas og æra på konfirmantane, seier Myklebust.

Diverre er det berre fire av dei i år, medan det var ni i fjar. Kvartetten er Ida Røssland, Knut Gilberto Sæbø, Ann Mari Kristoffersen og Hanna Kjærland. Foreldre, sysken og slekt ellers er sjølvsagt spesielt invitert, men festen er open for alle og den er gratis!

Det vert eit variert program. Jan Ove Fagerheim vil stå for det verbale, men også konfirmantprest Jon Victor Selle blir med.

Det gjer også kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark!

Tormod Myklebust undrar på kva ho finn på denne gongen.

Det kommenterer ho slik for uskedalen.no: - Eg skal ikkje la berre konfirmantane dumma seg ut, no vil også vanlege bedehusfolk få sjansen til å gjera det!

Det vert varmrett, brus, kaffi og kaker.

- Dei fire konfirmantane fortener fullt hus, seier Tormod Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen